

Saksbehandlar: Einar Ulla, Sekretariat for kontrollutvala  
Sak nr.: 09/3986-14

## **Forvaltningsrevisjon 2009 - Kompetanseprofil i fylkeskommunen - Oppfølging av status datert 19.2.2014**

### **Framlegg til vedtak:**

#### **Kontrollsjefen rår kontrollutvalet til å gjere slikt vedtak:**

1. Kontrollutvalet tek status og tidsplan frå fylkesrådmannen datert 19.2.2014 til vitande
2. Utvalet ber om ny statusrapport innan 31.1.2015 med ein konkret framdriftsplan om gjenstående oppfølging av fylkestingsvedtaket i FT-sak 18/10

#### Vedlegg:

- Brev frå fylkesrådmannen datert 19.2.2014

Andre dokument som ikkje ligg ved:

---

## **SAKSFRAMSTILLING**

---

### **1. Bakgrunn for saka**

Det vart gjennomført forvaltningsrevisjon av kompetanseprofilen i fylkeskommunen i 2009/2010.

Rapport etter gjennomført forvaltningsrevisjonsprosjekt vart handsama i fylkestinget 8.6.201 i FT-sak 18/10. Fylkestinget vedtok dette:

1. Fylkestinget tek rapporten «Forvaltningsrevisjon av kompetanseprofil i Sogn og Fjordane fylkeskommune» til etterretning.
2. Fylkestinget ber fylkesrådmannen starte gjennomføringa av tilrådingane i kapittel 10 i rapporten. Status for gjennomføringa og tidplan for det vidare arbeidet må vere utarbeidd og sendt kontrollutvalet innan utgangen av 2010.

Kontrollutvalet fekk hausten 2010 ved fleire høve orientering om status for kompetansestyring, og utvalet mottok 26.1.2011 brev frå fylkesrådmannen med status for oppfølginga av tilrådingane i rapporten og tidplan for vidare oppfølging i 2011 og 2012. Brevet vart handsama i kontrollutvalet 25.3.2011 i KU-sak 9/11. Utvalet vedtok å ta brevet til orientering i tillegg til å be fylkesrådmannen orientere utvalet når oppfølginga av tilrådingane vart gjennomført – seinast innan utgangen av 2012.

Utvalet mottok brev med ny status 8.3.2013, der fylkesrådmannen gjer greie for årsakene til at oppfølginga har teke lengre tid enn det som i utgangspunktet var planlagt. Årsakene var i

hovudsak innføring av nytt økonomi- og personalsystem (VISMA) i tillegg til arbeidet med ny skulestruktur og omorganisering av tannhelse.

Fylkesrådmannen skreiv i rapporten at ein vil bruke ressursar i eit pilotprosjekt der arbeidet med utvikling og testing av eit kompetansebudsjett og kompetanserekneskap er sentrale tema. Det vart i rapporten foreslege å sende ny statusrapport til kontrollutvalet i byrjinga av 2014 då det på dette tidspunktet var vanskeleg å seie noko konkret om framdrifta av arbeidet.

Kontrollutvalet vedtok i KU-sak 16/13 å ta status-rapporten datert 8.3.2013 til vitande, og ba også i vedtaket om ny statusrapport innan 31.1.2014 med ein konkret framdriftsplan om eventuelt attståande oppfølging av vedtaket i FT-sak 18/10.

## **2. Vurderingar og konsekvensar**

Kontrollutvalet v/sekretariatet mottok brev med ny statusrapport 19.2.2014.

Fylkesrådmannen nemner først i brevet dei tiltakspunkta som står att frå tidlegare. Desse er:

- Tiltak i 2011
  - d) Utvikle og implementere eit kompetansebudsjett for FK samla i FK sitt årsbudsjett
  - e) Utvikle eit kompetanserekneskap for FK samla (blant anna må vi definere og etablere artar for føring av kostnader knytt til vedlikehald/utvikling/heving av kompetanse)
- Tiltak i 2012
  - f) Ta i bruk kompetanserekneskap for FK samla

I rapporten frå 2013 var det skissert plan for eit pilotprosjekt for å utvikle/teste ut eit kompetansebudsjett og rekneskap i mindre skala. I rapporten datert 19.2.2014 rapporterer fylkesrådmannen om status på dette pilotprosjektet, der bygg- og anleggsavdelinga ved Øyrane v.g. skule (ØVG) og tannhelsetenesta (THT) har vore med. Både ØVG og THT har kom godt i gang med arbeidet.

På ØVG har dei fått sett opp eit estimert behov for kompetansebygging for 2014 i eit kompetansebudsjett. Det er noko usikkerheit i kompetansebudsjettet ved inngangen til 2014, der resultatet av utviklingssamtalar med tilsette og tal på søkjarar vil kunne påverke behovet for kompetansetiltak.

THT kan presentere eit kompetansebudsjett og rekneskap for 2013 i tillegg til eit budsjett for 2014. Leiinga budsjetterer med eit fast beløp pr. tilsett i tillegg til ei personleg vurdering basert på utviklingssamtale der behov for kompetansebygging og utviklingstiltak for den einkilde tilsette er tema. Dette blir så vurdert opp i mot kva kompetanse dei enkelte klinikkane har behov for.

Fylkesrådmannen er godt i gang med utvikling og testing av kompetansebudsjett/rekneskap. Det er behov for vidareutvikling og testing av modellane som er brukt på ØVG og i THT før det er aktuelt med implementering av kompetansebudsjett og rekneskap i eit større omfang. Fylkesrådmannen skisserer 2 tiltak som er ynskjeleg å gjennomføre i 2014:

1. Be ØVG om å utvide arbeidet med ei avdeling til
2. Be ØVG og THT prøve å inkludere fleire indirekte kostnader, som til dømes vikarutgifter, tapt produksjon/sal, i sine budsjett og rekneskapsmodellar.

Det er gjort eit godt arbeid med utvikling av kompetansebudsjett og rekneskap i pilotprosjektet som fylkesrådmannen har starta opp i 2013. Fylkesrådmannen har i statusrapporten sett opp to tiltak som han vil sette i gang i 2014 for den vidare oppfølginga av FT-vedtak 18/10. Det er kontrollsjefen si vurdering at det står att arbeid i vidareutvikling, testing og implementering av budsjett- og rekneskapsmodellar før ein kan konkludere med at oppfølginga er kome heilt i mål.

### **3. Konklusjon**

Fylkesrådmannen sin rapport til kontrollutvalet viser at det vert gjort eit godt arbeid i oppfølginga av forvaltningsrevisjonsprosjektet av kompetanseprofilen i fylkeskommunen. Det står ennå igjen noko arbeid i å få på plass eit kompetansebudsjett og rekneskap, men fylkesrådmannen har fokus på arbeidet, og kontrollsjefen vil rå kontrollutvalet til å be fylkesrådmannen om ein ny status på dette arbeidet innan 31.1.2015, med eventuell tidplan for fullføring av oppfølginga vedtaket i FT-sak 18/10.